



Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

Møtedato: 12.06.2023
Møtestad: Formannskapssalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 11:00

Planlagde orienteringar:
- Temaplan oppvekst
- Status arealplanlegging

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Nestleiar	
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Utvalsleiar	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Helen Lundekvam		Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
007/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2023	Godkjenning av møteprotokoll
009/2023	Orienteringssaker

007/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Innkallinga vart ikkje sendt ut som planlagt til dette møtet, grunna ein glipp i administrasjonen.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

008/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

009/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmann og ass. rådmann orienterte om:

- Temaplan oppvekst

I vedteke planstrategi har Kommunestyret vedteke at ein i planperioden skal utarbeide ein plan for oppvekst. Arbeidsgruppa starta opp ved årsskifte 21/22 og har jobba med fokus på ein temaplan som også tek opp i seg dei nye lovkrava og nasjonale forventingane som går fram av oppvekstreformen og tverrfagleg samarbeid mellom tenesteområda. Planen er under arbeid, og det vert lagt opp til ein politisk handsaming i løpet av hausten.

- Visma Familia

Det har vore avdekka avvik knytt til mottak av bekymringsmeldingar i fagssystem svært mange kommunar nyttar. Sørfjorden barnevernsteneste nyttar også desse systema, og det er gjort grundige undersøkingar knytt til dette som er konkludert med at det ikkje har vore avvik i kommunane i det interkommunale barnevernssamarbeidet.

- Prosjektskisse Kyrkjelyds tomta

Teknisk sjef orienterte om moglegheitsstudie av bustader på Kyrkjelydtomta. Etter ein anbuds konkurranse, vart Stiv kuling arkitekter prosjektet der dei har utarbeida prosjektskisse for mogleg 4 bustader på det ledige arealet ved kyrkja. Dei vart utfordra på korleis ein kan nytte arealet best mogleg mtp. fleksible bustader på tun. Gjeldande reguleringplan for Kyrkjeteigen gjev føresegner for byggeprosjekt i dette området, men det kan søkast dispensasjon frå reguleringsplanen

for å tilpasse for ønska nytte av arealet.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering
